

**Under er alfabetisk oversikt over land med høg og særlig høg forekomst av tuberkulose, oppdatert 1.3.2017:**

Afghanistan, Algerie, Angola, Armenia, Aserbajdsjan, Bangladesh, Benin, Bhutan, Bolivia, Bosnia- Hercegovina, Botswana, Brasil, Brunei, Darussalam, Burkina Faso, Burundi, Den dominikanske republikk, Djibouti, Ecuador, Ekvatorial Guinea, Elfenbenskysten, Eritrea, Etiopia, Fiji, Filippinene, Gabon, Gambia, Georgia, Ghana, Grønland (Danmark), Guam, Guatemala, Guinea, Guinea-Bissau, Guyana, Haiti, Honduras, Hviterusland, India, Indonesia, Irak, Jemen, Kambodsja, Kamerun, Kapp Verde, Kasakhstan, Kenya, Kina, Kirgisistan, Kiribati, Kongo DRC, Kongo-Brazaville, Kosovo, Laos, Latvia, Lesotho, Liberia, Libya, Litauen, Madagaskar, Malawi, Malaysia, Mali, Marianaøyene, Marokko, Marshalløyene, Mauritania, Mikronesia, Moldova, Mongolia, Mosambik, Myanmar, Namibia, Nauru, Nepal, Niger, Nigeria, Nord-Korea, Pakistan, Palau, Panama, Papua Ny-Guinea, Paraguay, Peru, Romania, Russland, Rwanda, Salomonøyene, Sao Tome og Principe, Senegal, Sentralafrikanske republikk, Sierra Leone, Singapore, Somalia, Sri Lanka, Sudan, Swaziland, Sør-Afrika, Sør-Korea, Sør-Sudan, Tadsjikistan, Taiwan, Tanzania, Thailand, Togo, Tsjad, Turkmenistan, Tuvalu, Uganda, Ukraina, Usbekistan, Vanuatu, Vietnam, Zambia, Zimbabwe, Øst-Timor

**Mest aktuelle land for Gloppen:**

Afghanistan, Eritrea, Filipinene, Latvia, Litauen, Romania, Russland, Sudan, Sør-Sudan, Thailand



## **TUBERKULOSEKONTROLL**

### **INFORMASJON TIL VERKSEMDER OG PERSONAR SOM TILSET UTANLANDSKE ARBEIDSTAKARAR**

#### **VIKTIG Å KJENNE TIL:**

**Tuberkulosekontroll er lovpålagt i Noreg**

**Gjeld arbeidsinnvandrar, au-pair og praktikantar**

**Arbeidsgjevar har ansvar for å kjenne til ordninga**

**Lege i kommunen utfører tuberkulosekontroll**

**Gloppen legesenter tlf 57 88 44 40**

**Nettside: [www.gloppen.kommune.no](http://www.gloppen.kommune.no)**

## **Denne informasjonen gjeld arbeidsinnvandrarar, familieinnvandrarar, au pair og praktikantar.**

Personar frå land med høg førekomst av tuberkulose har plikt til å gjennomføre tuberkulosekontrollsnarast mogleg og seinast innan 14 dagar etter ankomst til Noreg. Dette kan til dømes gjelde sesongarbeidarar som plukkar bær, gardsarbeid, tilsette på hotell, på anlegg og i industri m.m.

### **Plikta til tuberkulosekontroll** gjeld personar:

Som oppheld seg i landet i meir enn tre månader.

Ved kortare opphald enn tre månader dersom dei har symptom som feber og/eller hoste.

Arbeidsinnvandrarar som skal opphalde seg meir enn tre månader i landet, skal registrere seg hjå politiet for å få registreringsbevis som gjev lovleg opphald i Norge. Politiet har ansvar for at kommunelegen får melding om dei nyankomne arbeidsinnvandrarane som er aktuelle for kontroll. Kommunelegen må sjå til at tuberkulose-undersøkelse vert gjennomført innan rimelig tid. Arbeidsgjevar har ansvar for at arbeids-takar møter til kontroll og røntgen av lunge.

### **Tuberkulosekontroll er gratis og innebær:**

- Time hjå lege på Gloppen legesenter
- Røntgen av lunge evt blodprøver(rekvirert av lege)

Gje melding på førehand om behov for tolk.

### **Nyttig å kjenne til om tuberkulose:**

Tuberkulose er ein sjukdom som skuldast ein bakterie. Sjukdomen kan behandlast med antibiotika.

Tuberkulose kan gje sjukdom i mange organ, men det er kun dei som har tuberkulose i lungene som kan smitte andre.

Tuberkulose er ikkje ein vanlig sjukdom i Noreg i dag, men mange land i verda har fortsatt høg førekomst av tuberkulose.